

I dag har Tlarane vore oppe den siste tysdagen før jul og dei trufaste dugnadsdamene og dei ikkje mindre trufaste gjestene møtest ikkje att før 8. januar.

For stutt tid sidan spanderte Uskedalen Utvikling tapas på damene (biletet) og i dag hadde leiar Berit Harriet Døssland juleblomar til rundt rekna 30 som gjer ein innsats for den spesielle kafeen.

Besøket har vore litt varierende dei siste månadane, men det har i alle fall vore eit snittbesøk på 40 og det er ikkje ille. Rundt 300 har vore innom tilsaman i november og desember, nærare bestemt 255 vaksne og 43 born og her er dei eksakte tala i dei 2 månadane:

6. november: 28 5, 13. november 51 10, 20. november 37 9,
27. november 45 13, 4. desember 21 3, 11. desember 31 2 og
18. desember 42 1